



Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

/Avdeling for areal og
transport

Vår dato 13.10.2017
Deres dato
Vår referanse 17/13378-2
Deres referanse
Vår saksbehandler Tore Felland
Storhaug

Svar på høyring - Tilrettelegging av felles billettløysingar

Telemark fylkeskommune støt Samferdselsdepartementet sitt arbeid med å gjera det meir attraktivt for kundar å velje og reise med kollektivtrafikk.

Gebyr:

Vi har ingen merknader til at Jernbanedirektoratet får heimel til å fastsetje og krevje inn gebyr knytt til bruk av elektroniske støttesystem og billettering.

Kollektivtransporten i Telemark er organisert med nettoavtaler, og to av sju transportørar eig billettutstyret sjølve. Det inneber at desse to lyt betale gebyret, medan fylkeskommunen betalar gebyret for dei andre selskapa i Telemark, der vi eig billettssystemet. Det er uproblematisk for Telemark at gebyret heretter vert fastsett på bakgrunn av talet på kollektivreiser åleine, og ikkje lenger ein kombinasjon av folketal og kollektivreiser.

Kunden:

Når det gjeld framlegget som har direkte innverknad på tilbodet til kunden, og som skal gjera det meir attraktivt for vedkomande å velje kollektivtrafikk, ynskjer vi at Samferdselsdepartementet skal gå noko lenger i å leggje til rette for dette. Fylkeskommunen ynskjer at Jernbanedirektoratet også skal påleggje jernbaneføretaka å deltaka i billettsamarbeid med fylkeskommunane, der jernbaneføretaka eller Jernbanedirektoratet tek ein lik del av ansvaret for å finansiere felles rabatterte produkt til kundane, som periodebillett og liknande.

Tillegg til § 3

.....Herunder delta i finansieringen av felles rabatterte billetter og rabattkort, med lokalruter i trafikkområdet.

Hovudutval for Samferdsel vil handsame saka i møtet 06.11.17. Dersom dei har merknader eller tillegg til det administrative svaret, vil merknader og tillegg bli ettersendt.

Med vennlig hilsen

Tore Felland Storhaug

Tore.Felland.Storhaug@t-fk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Postadresse:	Besøksadresse:	Sentralbord	Foretaksregisteret: 940 192 226
Postboks 2844	Fylkesbakken 10	35 91 70 00	E-post: post@t-fk.no
3702 Skien	3715 SKIEN		www.telemark.no



**/Avdeling for areal og
transport**

Vår dato 13.10.2017

Vår referanse 17/13378-2

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Samferdselsdepartementet		Postboks 8010 Dep	0030 OSLO

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Klikk her for å skrive inn tekst.	Klikk her for å skrive inn tekst.	Klikk her for å skrive inn tekst.	Klikk her for å skrive inn tekst.